

# **Velkommen til Voss vidaregåande skule Skuleåret 2023/24**



# **Velkommen til Voss vidaregåande skule**

## **-attraktiv og framtidsretta-**

Skulestart for alle elevar er torsdag 17. august

Frammøte i idrettshallen  
kl. 09:00 Vg1  
og kl. 10.30 Vg2 og Vg3

Som ein regionskule med eit breitt fagtilbod, er Voss vidaregåande skule ein utdanningsinstitusjon som har mykje å tilby lærevillige elevar. Me tilbyr både yrkes- og studiespesialiserande fag, arbeidstrening og ikkje minst har me velutvikla internasjonalt samarbeid med fleire skular og arbeidsplassar i heile Europa.

Me er opptekne av å tilby alle elevar ei så god og framtidsretta utdanning som mogleg. For å få dette til er det viktig at læremiddel, utstyr og undervisningsarenaer er moderne og stimulerer den enkelte elev til læring.

Som elev ved Voss vidaregåande skule vil du vera ein del av vårt faglege og sosiale miljø der du får utvikla kompetanse og kunnskap innan det fagfeltet du interesserer deg for.

Voss vgs er ein av dei største yrkesfaglege skulane i indre Vestland og tilbyr i alt fem av dei åtte yrkesfaglege utdanningsprogramma. Skulen har omlag 400 elevar. Forutan dei yrkesfaglege utdanningane, tilbyr me også studieførebuande utdanning der elevane kan få både generell og spesiell studiekompetanse.

Voss vgs er skulen som gjer deg klar til næringsliv og høgare utdanning!

Med utgangspunkt i visjonen til skulen – *attraktiv og framtidsretta* – legg me sterkt fokus på at både læringsmiljøet og det sosiale miljøet ved skulen er særskilt godt tilpassa alle våre elevar. Ikkje minst arbeider me med at all undervisning i alle fag, både teori og praksis, har høg kvalitet og er så framtidsretta at elevane våre skal vera klare til å møta arbeidslivet sine behov for framtidig kompetanse.

Voss vgs tek mål av seg å vera eit ‘akademi for kloke hender og kreative hjernar’, og me ynskjer å vera med å utdanna morgondagens beste fagarbeidarar, og ikkje minst; sikra oss at elevane fullfører og består med brei kompetanse for både arbeidsliv og vidare studiar.

Eg ynskjer deg velkommen som elev ved Voss vidaregåande skule!

Med venleg helsing

*Svein Inge Styve*

Rektor

## Generell info til deg som er ny ved Voss vidaregåande skule:

- **INTERNAT**

Dei to skulane på Voss har eit eige internat, Rogne Internat, der elevar som ikkje har heime-adresse på Voss, kan leige hybel.

Info om internattilbodet og søknadsskjema finn du på skulen si heimeside:

<https://www.voss.vgs.no/>

- **KANTINE**

Voss vgs har stor og fin kantine. Her kan alle elevar få kjøpa seg frukost og det er også mogleg å kjøpe seg både lunsj og middag i vekedagane (måndag – fredag)

- **SKULESKYSS**

Elevar som har hatt skuleskyss tar med skysskortet på skulen og får pålønt ein oblat. Elevar som ikkje har hatt skuleskyss før (6 km og meir frå heimen til skulen) må sjølve søkje om dette: <https://skuleskyss.vlfk.no/>

- **GARDEROBE / BOKSKAP**

Alle elevar får tildelt kvar sitt bokskap og kvar sitt garderobeskap. Til desse skapa må du ha me deg eigen hengelås

- **ELEV PC**

Alle elevar i vidaregåande skule må ha eigen PC. Du kan få rimelegare PC gjennom Vestland fylkeskommune når du skal kjøpe datamaskin. Meir info finn du på denne sida: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>

- **STIPEND / UTSTYRSSTIPEND**

Som elev i vidaregåande skule har du rett til stipend. Mellom anna har alle elevar rett til utstyrsstipend. Dette stipendet skal særleg gå til å kjøpa pålagt personleg verneustyr og anna utstyr som er nødvendig i opplæringa. Informasjon om dette finn du her:

<https://lanekassen.no/nb-NO/stipend-og-lan/norge/videregaaende-skole/>

- **LÆREBØKER/ LÅNEAVTALE**

Alle lærebøker som vert nytta i undervisninga, får du låna ved biblioteket på skulen. Låneavtale skal signerast digitalt. Når elevane er under 18 år skal i tillegg føresette signere digital avtale for lån av læremiddel:

[https://skjema.vlfk.no/opplaering/person/lanekontrakt\\_elev](https://skjema.vlfk.no/opplaering/person/lanekontrakt_elev)

- **HELSETENESTE**

Skulen har eigen helseteneste og psykolog med kontor på skulen

- **UNGDOMSBILLET**

Ungdommar mellom 16 og 21 år kan nytta seg av Skyss sin ungdomsbillett. Billett kan nyttast på buss, tog, bybane og ferjer. Meir info på: <https://www.skyss.no/billett-og-pris/Billettar/ungdomsbillett/>

- **SKULERUTE – TIMEPLANAR**

Info om skuleruta og timeplanar finn du på skulen si heimeside:

<https://www.voss.vgs.no/>

- **ORDENS- OG ÅTFERDSREGLEMENT**  
Felles ordens- og åtferdsreglement finn du på VLFK sine sider:  
<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/elev-og-larlingombodet/elev/>
- **FORELDREMØTE HAUSTEN 2023**  
24.10.23: Foreldremøte for Vg1 BA/EL/TP  
25.10.23: Foreldremøte for Vg1 NA og RM  
26.10.23: Foreldremøte for alle Vg2-klassar

Ytterlegare informasjon finn du på skulen si heimeside <https://www.voss.vgs.no/>  
Ta kontakt med skulen på e-post eller telefon dersom det er noko du lurar på!